



**BIT20  
ENSEMBLE**

Til Norsk kulturråd og Hordaland fylke.

## SØKNAD OM ENDRING AV TILSKOT

**Norsk kulturråd: prosjektnummer 294533**

**Hordaland fylke: ref. 2016/895-64**

BIT20 Ensemble søker med dette om å få endra på noko av innhaldet i våre deltarprosjekt, som er støtta av Kulturrådet og Hordaland Fylke (KUP) for åra 2017 – 2019. Sjå tidlegare innsendt prosjektrapport for 2017 (også vedlagt her til informasjon).

Hovudsakleg er det desse to endringane vi søker om:

1. Redusera fagleg leiar-stillinga frå 40% til 20%. Ole André Farstad avslutta stillingen per 31.3.18. Ensembleleiar Trond Madsen går inn i denne rolla.
2. Erstatt BIT20 Klubb med Prosjekt SAMSPILL (arbeidstittel, gjennomførast i 18 og 19), samt Prosjekt KOMPONISTKVELD (arbeidstittel, utviklast i 18 og gjennomførast i 19).

Vi ber om raske avgjelder fra tilskotsgjevarane, slik at vi kan koma vidare med detaljplanlegging av deltarprosjekta for resten av 2018 og 2019. Vi ynskjer å få første gjennomføring av prosjektet SAMSPILL inn i sesongprogrammet for 2018 – 19. Der er materialfrist 15.5. i år.

### PROSJEKTAKTIVITETAR GJENNOMFØRT SÅ LANGT I 2018 – TIL INFORMASJON

- *Vi komponerer* har vore gjennomført i følgande veker: 6, 7, 10 og 12 (på Kringlebotn, Nygårdslien, Krohnengen og Kalvatræet).
  - Lansering av nye versjon av vår komposisjonsapp, BITWawes2, ved utviklarane Ole André Farstad (BIT20) og Stian Remvik (BEK) og minikonsert ved BIT20 Klubb. Dette utgjorde innhaldet i Ny Musikk Bergen sin konsertserie for barn og vaksne, *Biblioteksmusikken*, laurdag 24.2. på Bergen Offentlege Bibliotek.
  - Offentleg konsert med *Vi komponerer – Den ... skogen* av Krohnengen skole – to gongar laurdag 10.3. på Konsertsirkus-arrangementet under Borealis på KODE2.
- I tillegg skal *Vi komponerer*-prosjektet med Loddefjord skole ha offentleg konsert med prosjektet *Det uttempererte klaver på Trogallmenningen fredag 25.5.*, som ein del av Festspillene i bergen sitt uteprogram.

### BAKGRUNN – ORGANISASJON

I 2017 starta BIT20 eit større organisasjonsutviklingsarbeid i tilknytning til revideringa av ensemblet sin strategiplan. Det har lenge vore eit ynskje om at musikarane i BIT20 skal ha ei meir aktiv rolle i organisasjonen. Då kunstnerisk leiar Alwynne Pritchard slutta i ensemblet i mars 2018 vart difor ein av musikarane i ensemblet, Trond Madsen, engasjert i rolla som ensembleleiar. Denne 40% stillinga erstattar kunstnerisk leiar, og skal leia det kunstnarlege arbeidet på vegne av musikarane, og vera i særleg tett samarbeid med kunstnerisk råd, som består av tre andre musikarar frå ensemblet, i tillegg til Madsen. I første omgang har styret vedteke at dette er ei prøveordning ut 2018. I inneverande år skal det gjerast ei grundig vurdering av om den organiseringsmodellen ein har i dag er den som tener ensemblet sin strategi best, og avgjere organisasjonsstrukturen vidare frå 2019.

## **BAKGRUNN – DELTAKARPROSJEKT, FLEIREÅRIG PROSJEKTTILSKOT**

BIT20 har frå 2014 vore så heldige å ha hatt eigen finansiering til alle deltakarprosjekta, *Vi komponerer* i skulen, samt andre prosjekt der *Vi komponerer*-metodane har vore brukt og tilpassa for nye grupper, og i nye samanhengar (sjå rapport for 2017). Etter å ha utvikla og fylt desse prosjekta med innhald gjennom denne perioden har fagleg leiar i 40% stilling, Ole André Farstad, sagt opp stillinga si med verknad frå 31. mars 2018. Det gjer at ensemblet er i ein situasjon der ein kan vurdera organisering og innhald også av desse prosjekta meir inngåande. Vi ser dette som ein naturleg del av den allereie omtalte organisasjonsutviklinga. Per april 2018 vil Ensembleleiar Trond Madsen overta ansvaret for det faglege innhaldet i deltakarprosjekta gjennom ei 20% stilling. Han får då totalt 60% stilling for å jobba med kunstnarleg innhald i organisasjonen. Fleire prosjekt, som *Vi komponerer* gjennom DKS, kjem til å gå som vanleg (støtte frå DKS Bergen er alt innvilga for skuleåret 18–19). Vi ynskjer å engasjera medlemmer frå formidlingsteamet til å utarbeida prosjektidear for planlagde offentlege framføringer med *Vi komponerer*, på til dømes Festspillene, Borealis, KODE og Kulturnatt. Farstad etterlet seg eit svært viktig dokument for dette arbeidet, nemleg det oppdaterte metodeverket, som skal beskriva dette arbeidet inngåande. Metodeverket skal reinskrivast i april og mai 2018, og vert sendt støttepartnerar når det er ferdigstilt.

Vidare er det eit sterkt ynskje å arbeida enno meir aktivt med å knytta deltakarprosjekta betre opp mot ensemblet. Ensembleleiar Trond Madsen og to andre musikarar reiste nyleg til London og var tilstade på ein festival arrangert av foreningen CoMA, som jobbar for å spre samtidsmusikk ut i amatørmusikklivet. Festivalen presenterte ulike formidlingsopplegg som vi ynskjer å sjå nærmare på om vi kan tilpassa til vårt arbeid. I tillegg til å ha fokus på komposisjon, er det no eit ynskje om at ensemblemusikarane skal jobba meir direkte med deltakarar i ein posisjon der dei ikkje berre er musikarar som kjem inn i slutten av ein komposisjonsprosess, men får jobba med deltakarane som musikalske leiarar og instruktørar.

Som vi beskrev i rapporten for 2017 har BIT20 Klubb både vore eit svært positivt prosjekt, men også hatt mange utfordringar. Klubben har i all hovudsak arbeidd med *Vi komponerer*-metodikken. Hovudsakleg er endringa vi no ber om aksept for å erstatta arbeidet med klubben med ein ny modell, der instrumentalistar også er ein viktig del som både deltakarar og leiarar. Då dette prosjektet vil kreva noko meir ressursar til honorar, lokaler osv, men derimot ikkje ha så stort behov for ein fagleg leiar som jobbar direkte med Klubben (også ressurskrevjande), vil vi omdisponera nokre av midlane bort frå fagleg leiar – som no vert i 20% stilling – til fleire leiarar/instruktørar i prosjektet SAMSPILL.

### **PROSJEKT 1 - SAMSPILL**

Dette er eit heildagsarrangement med ensemblet og deltakarar som speler instrument, fortrinnsvis eldre barn og ungdommar, men også vaksne. Her vil vi invitere breitt, gjennom korps, orkester, kulturskole, kor og så vidare. Vi tenkjer at våre musikarar skal møta grupper av instrumentalistar i workshops, der dei jobbar med eit repertoar som skal framførast mot slutten av dagen, i ein stor felles konsert. På denne konserten vil vi gjerne ta inn eitt verk som BIT20 Ensemble framfører åleine, i tillegg til ei framføring av ein skuleklasse, som har arbeidd med *Vi komponerer* gjennom veka i forkant. Dei skal då utvikla eit verk som er basert på samme tematikk som ein har jobba med gjennom den store SAMSPILL-dagen. Eksempel på repertoar kan vera Terry Riley's *In C*, som vi ser for oss kan vera eit fint stykke for den første gjennomføringa av dette konseptet. Vi ser også for oss at ei gruppe skal arbeida med komposisjon gjennom dagen, blant anna ved bruk av vår komposisjons-app BITWawes, utvikla



til bruk i våre komposisjonsprosjekt av Ole André Farstad og Stian Remvik (BEK). Ei gruppe kan også jobba med elektronikk og lydbehandling saman med Thorolf Thuestad, vår faste ensemblemedlem på elektronikk. Arrangementet kan til dømes føregå i Grieghallen, med tilgang til fleire grupperom gjennom dagen, og konsert i Foajéen eller Peer Gynt-salen. Dette vil gjennomførast på ein laurdag eller sundag, der vi – i tillegg til det musikalske og faglege innhaldet – vil tilrettelegga for eit familiepublikum, med kafé og vrimleareal – gjerne med «test-ut-stasjonar» for born som er for unge til å delta i workshopane. For å nå ut til deltararar ynskjer vi å samarbeida med interesseorganisasjonar for det frivillige musikklivet, som NMF, og kulturskulen med andre, for å spreia informasjon så breitt som mogleg. Vi ynskjer også at deltararar utanfor Bergen (i heile Hordland) skal få høve til å delta. -Det aller viktigaste med prosjektet er deltararane si oppleveling, læringsutbytte og inspirasjon. Konserten skal vera tilrettelagt for at også publikumsopplevelingen skal vera så god som mogleg. Det er eit mål å nå ut til eit publikum vi vanlegvis ikkje når, der kjernen i dette vert foreldre m.m. til deltararane. Å få formidla ein estetikk som ikkje er mainstream på ein god måte både for deltararar og publikum ligg som eit underlag for prosjektet.

#### **PROSJEKT 2 – KOMPONISTKVELD (UTVIKLAST GJENNOM 2018)**

Eit anna prosjekt kan retta seg mot eldre deltararar, som ein open komponistkveld med laus snipp på til dømes Chagall. Opplegget vil vera ope både for komponiststudentar og folk utan nokon komponist- eller musikkbakgrunn. Musikken kan noterast på ulike måtar, frå noteskrift til grafiske partitur eller tekstoppartitur. Ei mindre besetning frå BIT20 framfører stykka, og ein uhøgtidleg jury, der også musikarane inngår, gir tilbakemelding til komponistane på direkten. Her ser vi også for oss at vi kan leggja opp til rettleiing i forkant, frå til dømes ein av komponistane tilknytta oss, Torstein Aagaard-Nilsen. Dette prosjektet ynskjer vi å utarbeida i meir detalj, blant anna ved å sjå på korleis vi ynskjer, og kan bruka vår eigen *Vi komponerer*-metodikk inn i prosjektet, utan at det må legga rammene for alle som ynskjer å delta.

#### **BIT20 ENSEMBLE SIN NYE VISJON BYGGER OPP UNDER PROSJEKTET**

##### ***Vi skal åpne en større musikalsk verden!***

*Sammen går vi inn i musikken med åpenhet og mot til å utforske og eksperimentere.  
Vi strekker oss for å dele unike, intense musikalske og kunstneriske opplevelser med publikum.*

##### **VERDIER**

*Opplevelse  
Felleskap  
Utforske*

##### **PROFIL**

*BIT20 Ensemble er et samtidsmusikkorkest med sinfoniettabesetning; fløyte, obo, klarinett, fagott, horn, trompet, trombone, to slagverkere, harpe, piano, to fioliner, bratsj, cello, kontrabass og elektronikk. BIT20 ønsker å være et anerkjent ensemble for moderne kunstmusikk, for både publikum og samarbeidspartnere, nasjonalt og internasjonalt.*

*Ensemblet setter samtidsmusikk på agendaen, og tar et særlig ansvar for å bidra til å utvikle ny, nordisk musikk gjennom tette samarbeid med komponister. I tillegg formidler ensemblet musikk fra den rikholdige kunstmusikken fra de siste tiår, og er et av få ensembler i Norge som kan*



*framføre denne tradisjonen, noe som blant annet resulterer i flere førstegangsframførelser i Norge. Musikernes bakgrunn fra klassisk musikk gir ensemblet en solid kompetanse i møte med komplekse partitur, og en særegen klang de har dyrket fram helt siden oppstarten i 1989.*

*Gjennom sin entusiasme for musikken og energiske framførelser ønsker ensemblet å bidra til at publikum får oppleve spennende musikalske uttrykk og overraskende øyeblikk som kan åpne for refleksjon og gjøre mennesker glade i det unike musikalske universet vi tilbyr.*

*Ensemblet driver også prosjekter der mennesker i alle aldre, og spesielt barn og unge, får ta del i musikkutøvelse og kreativ musikkskapelse.*

**VEDLEGG:**

1. Budsjett deltakarprosjekt 2018 og 2019
2. Tidlegare innsendt rapport for gjennomført deltakarprosjekt i 2017. (Rekneskapet for dette vert særskilt revidert i samband med revisjonen for 2017, som skal ferdigstilla til styremøtet 9.5.2018.)

